
Fra: Postmottak Meland
Sendt: 31. mars 2014 14:15
Til: Lillian Straumøy Brakstad
Emne: VS: Viktig informasjon om miljøvedtaksregisteret til kommunar i Hordaland

Merete R. Fløysand
Førstesekretær
Tlf: 5617 1052/1000.
E-post: merete.floysand@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: Aarø, Jørgen [<mailto:fmhojaa@fylkesmannen.no>]
Sendt: 31. mars 2014 13:14
Til: postmottak@bergen.kommune.no; firmapost@etne.kommune.no; postmottak@sveio.kommune.no; postmottak@bomlo.kommune.no; post@stord.kommune.no; fitjar@fitjar.kommune.no; post@tysnes.kommune.no; post@kvinnherad.kommune.no; post@jondal.kommune.no; epost@odda.kommune.no; postmottak@ullensvang.herad.no; postmottak@eidfjord.kommune.no; postmottak@ulvik.kommune.no; postmottak@granvin.kommune.no; postmottak@voss.kommune.no; #Kvam-Postmottak (postmottak@kvam.kommune.no); postkasse@fusa.kommune.no; adm@samnanger.kommune.no; postmottak@os-ho.kommune.no; postmottak@austevoll.kommune.no; postmottak@sund.kommune.no; postmottak@fjell.kommune.no; postmottak@askoy.kommune.no; Postmottak Vaksdal; postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; postmottak@oygarden.kommune.no; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune
Emne: Viktig informasjon om miljøvedtaksregisteret til kommunar i Hordaland

Viktig informasjon om miljøvedtaksregisteret til kommunar i Hordaland

Forskrift om miljøvedtaksregisteret tek til å gjelde 1. april 2014. Formålet med registeret er å gi ålmenta informasjon om vedtak som blir fatta på miljøområdet. Kommunane får ei viktig oppgåve med å registrere vedtak som rører ved utvalde naturtypar.

Alle kommunane i Hordaland må velje ut ein person som er ansvarlig for å legge vedtak inn i registeret. Denne kontaktpersonen må meldast inn til Fylkesmannen innan fredag 4. april.

Forskrift om miljøvedtaksregisteret

Forskrift om miljøvedtaksregisteret tek til å gjelde 1. april 2014 og registeret (www.miljovedtak.no) er i drift frå denne dato. Miljøvedtaksregisteret skal gi ålmenta informasjon om enkeltvedtak som er fatta på miljøområdet. Alle forskrifter og enkeltvedtak etter naturmangfaldlova skal registrerast, i tillegg til

enkeltvedtak etter andre lovverk som rører ved utvalde naturtypar. Det forvaltingsorganet som fattar vedtaket er ansvarlig for å registrere det, seinast innan tre virkedagar.

Sjå brev datert 3. mars 2014 frå Miljødirektoratet til kommunane for utfyllande informasjon om registeret.

Kommunen sitt ansvar

For kommunane gjeld registreringsplikta enkeltvedtak som rører ved utvalde naturtypar. Førebels finst det ikkje mange forskrifter for utvalde naturtypar, så omfanget vil i første omgang vere relativt lite. Vedtak som rører ved naturtypen hol eik er det mest aktuelle i vårt fylke. Andre utvalde naturtypar er slåttemark, slåttemyr, kalksjø og kalklindeskog. For kommunar med lokal forvaltning av naturvernområde gjeld registreringsplikta for vedtak knytt til slike område.

Kommunane vil kunne fatte enkeltvedtak som rører ved utvalde naturtypar etter fleire regelverk, til dømes: Naturmangfaldlova, plan- og bygningslova, jordlova og skogbrukslova. Meir utfyllande informasjon om dette kjem i rettleiaren til miljøvedtaksregisteret som Miljødirektoratet jobbar med å få ferdig.

Opplæring i miljøvedtaksregisteret

Registeret er relativt enkelt oppbygd og er lett å ta i bruk. Miljødirektoratet held på med ein rettleiar til registrering av vedtak som blir lagt ut på nett ved første høve. Det er ikkje planlagt opplæring i bruk av registeret, men dette kan bli aktuelt dersom vi oppfattar at det er sterkt ønskje om dette.

Opprette brukar

Fylkesmannen administrerer kommunane sine brukarar av miljøvedtaksregisteret. Alle kommunane må melde inn ein person som er ansvarleg for å leggje inn kommunen sine registreringspliktige enkeltvedtak. Frist for å melde inn brukarar er **4. april 2014**. Når vi får tilgang til registeret vil vi opprette brukarar fortløpande. Kontaktperson for miljøvedtaksregisteret hjå Fylkesmannen i Hordaland er Jørgen Aarø (fmhojaa@fylkesmannen.no).

Dei kommunane som allereie har meldt inn brukarar treng ikkje å gjere dette på nytt.

Med helsing

Jørgen Aarø
Rådgivevar

Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvern- og klimaavdelinga
Telefon: 55 57 20 46

www.fylkesmannen.no/hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen i Hordaland](#)